

# **Utbyggingsavtale**

## **mellom Vang kommune og tiltakshavar Opdalstølen og Øysterlie Utmarkslag, org.nr. 989 434 454, i reguleringsplan Tyin trafikkareal med plan-ID 2016002**

Dato: 04.06.2019

Godkjent i kommunestyret: 05.09.2019

Denne avtala omhandlar plikter knytt til tiltak i planområdet som går fram av reguleringsplanen og generelle vilkår i Plan- og bygningslova med forskrifter.

### **1. Geografisk avgrensing**

Området som omfattast av denne avtala er markert i plankartet med felt MA1, MT1, TR1, G2, G3, KH1, KH2 og NS1.

### **2. Gjennomføring av tiltak**

Masseuttaket kan ikkje startast opp før det blir gjeve igangsettingsløyve. Før eit slikt løyve blir gjeve skal det leggast fram ein driftsplan som skal godkjennast av kommunen. Denne skal syne korleis tiltaket skal gjennomførast frå start til slutt og kva tidsrom det skal gå over. Driftsplanen skal utarbeidast av tiltakshavar/ansvarleg entreprenør, og skal vera tufta på vedteken reguleringsplan med føresegner, og utanomhusplan.

Masseuttaket skal vera ferdig rydda og istrandsett innan 5 år frå igangsettingsløyve blir gjeve. Dersom tiltakshavar ikkje gjennomfører og slutfører uttaket i tråd med reguleringsplan, driftsplan og utanomhusplan, og innan fristar sett i igangsettingsløyvet, kan kommunen sørge for å få gjennomført og slutført naudsynte tiltak i ovannemde planar, for tiltakshavar si rekning.

Dersom tiltakshavar overlet tiltak etter denne avtala til andre, står tiltakshavar framleis ansvarleg for gjennomføring av det som her er avtalefesta.

### **3. Bankgaranti**

Tiltakshavar, eller den tiltakshavar utpeikar til det, skal stille ein bankgaranti på kroner 350.000,- (2019 – kroner) for avslutning og istrandsetting av masseuttaket. Tiltakshavar er uansett ansvarleg for at bankgarantien blir oppretta. Bankgarantien skal vera oppretta, og uttaksplan og utanomhusplanen skal vera godkjent av kommunen, før igangsettingsløyve blir gjeve.

Garantien skal slettast så snart:

- massuttaket er avslutta
- området rydda og istrandsett i tråd med reguleringsplan og godkjent utenomhusplan
- gjennomført sluttbefaring mellom tiltakshavar og kommunen

Denne avtala ligg føre i to likelydande eksemplar, der partane har kvar sitt eksemplar.

**For tiltakshavar,**

Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

**For Vang kommune,**

Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Vedtak, KS051/19